



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato
05.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2013/5477 433.1
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Resultat frå supplerande kartlegging av naturtypar i Radøy 2013

Vedlagt følgjer rapport i pdf-format frå supplerande kartlegging av naturtypar i Radøy i 2013.

Bakgrunnen for den supplerande kartlegginga er gjort greie for i brev av 24.4.2012.

Den supplerande kartlegginga har framskaffa ny og viktig dokumentasjon om naturmangfaldet i Radøy. 28 nye naturtypelokalitetar er kartlagt, i tillegg er 41 lokalitetar som var kartlagt frå før sjekka på nytt i felt. 36 av desse har fått betre dokumentasjon og justert avgrensing, medan 5 lokalitetar vil bli sletta frå Naturbase fordi dei ikkje oppfyller krava til å bli registrerte som viktige naturtypar.

I samband med den supplerande kartlegginga vart det funne heile 17 nye raudlisteartar for Radøy kommune. Av desse er særleg funna av rosa vokssopp på Hestøyna og Ingholmen oppsiktsvekkjande. Rosa vokssopp er den einaste beitemarksoppen i Noreg som er vurdert som kritisk truga. I Noreg er arten er funnen berre fem gonger tidlegare, og funnet på Hestøyna er kanskje den rikaste lokaliteten for arten i heile Nord-Europa utanom Dei britiske øyar!

Dei nye lokalitetane og oppdaterte opplysningar blir lagt inn i Naturbase (<http://naturbase.no>). Datasettet blir då òg tilgjengelege som wms-tema, og ein bør sørge for at opplysningane blir tilgjenge i kommunen si eiga kartinnsynsløysing. Funn av raudlisteartar blir lagt inn i Rapporteringssystemet for arter (artsobservasjoner.no) og blir tilgjengelege på Artskart (artskart.artsdatabanken.no).

Vi håpar at dei nye opplysningane kjem til nytte!

Med helsing

Olav Overvoll e.f.
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.